

## Instruksjon for prøvetaking til kortisolanalyse i spytt

### Før prøvetaking

- **Ikkje** spis, drikk (med unntak av vatn), røyk, bruk snus, puss tenner eller bruk tanntråd **30 minutt** før prøvetaking. Prøva er følsam for forureining, spesielt blodtilblanding.
- **Ikkje** driv hard fysisk aktivitet den siste timen før prøvetaking.
- Unngå å ta prøva i periodar med unormal døgnrytme eller søvnproblem.
- Innholdet i enkelte kremer og salvar kan forstyrre analysen av spyttet. Svampen må difor ikkje komme i kontakt med f.eks. hud påført salve eller krem.

### Prøvetaking

1		<p>Ta prøva til <b>den tida på døgnet som legen din har bestemt</b>. Ta den blå korka av prøverøret utan at den indre hylsa fyl med.</p>
2		<p>Ta ut svampen frå den indre hylsa med reine hender.</p>
3		<p>Putt svampen i munnen og tygg/sug lett i ca. 1 minutt, til svampen er gjennomtrekt med spytt.</p>
4		<p>Plasser svampen tilbake i den indre hylsa.</p>
5		<p>Lukk prøverøret godt med den blå korka.</p>

### Etter prøvetaking

- Merk prøverøret **med namn, fødsels- og personnummer, dato og klokkeslett** for prøvetaking.
- Prøva skal oppbevarast i kjøleskap fram til levering/sending.
- Lever prøva og rekvisisjonen til legekantoret/laboratoriet så raskt som råd etter prøvetaking, helst innan neste dag.